Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. no 7 | Fylke: Sör Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vinje

Emne: Skav | Bygdelag: Hemne

Oppskr. av: Ag. Lomundal | Gard: Vasslia

(adresse): Vassli brevhus T.heim | G.nr. 125 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja delvis

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Da jeg eg op namn 76 aar Hiesmor

SVAR

Skav var utrule mykji bruka i min barndom. Det vart rekna for omtenk-samt, aa begjynne aa bruk skav, før eis vart reint forlaus. Skulde helst vera rogn og asp. Men ung bjørk laut og goa an, serleg om ein blanda det i hakka halm eller rognskav. Var buskapen stor, laut det kjøraast heim mykji rogn asp og bjørk. Saa var det aa korste av korsten aa lett jeita paa den inni fjøse. Ho slapp da aa frys med ho gnog rognkvistn. Dei tjukke rogn og aspkubban var soa saga i halvalen lange kabba. Soa fik eit bera dem inn der ein skull aa skava. Helst i ellhuse fjøsskjele eller og fjøse. Best var det om ein ha ein lang tunn skavkniv med skaft paa bade endan. Da kunde ein gjera unna mykji paa ein times tid. Men ein vanleg kvass tollkniv greidde det og. Ein laut sett paa ein knakk aa sett kabben paa ende paa golve, tak den andre enden millom knea. Var

6006

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det, born eller gamelt folk poa garda
som kunde tak heile dagen til dette
arbeide, kunde det goa an. Men mang
ein suir kveldstime poa skavknakken
etter ein lang dag med anna arbeid,
var hart nok. Men vart fornöa stor
laut alt anna settast tilside for aa
berg büskapen. Da laut ofto heile hüs-
lyden kjöra hogga og skava.
Saa var det aa tak skave i bötto aa
sloa over sildlaka blanda med varmt
vatten. Ha ein road til ein mjölklep
over, var det storveges. Men ein fekk
nok ikkje vanlege rauk til aa eta mer
enn ei halv bötte isend. Ho moatte
ha höj eller halm attoat. Mjölka
fekk ein skrom og beisk smak. Strakte
kua aat skav. Men det var vanleg
meining at det var mer nering i
skav eller beit og anna slik foring.
Folk som ikkje ha rogn og asp sjöl
og det kunde vera mange laut foa tak
slikt hos andre som ha mer. Da moatte
dem gjernost arbeid for det. Den laut og
lenger inn i skogen etter det. Om kua
mjölka doarleg inne, fekk ikkje hjelpe.
Bere ho levd över, aa slapp poa beite.
Det var om somaren ho skulde mjölke
10 skilling marka var vanleg smörpris.
Vart det 12 tykte folk det var storveges.
Dei siste 30 aar, har eg ikkje hauirt om
at folk skava. Smörprisarne er vortne
bedre og folk kjöper höj og mjöl. Men
i di harde gamle tider föide folk ein lappen
skid som eg minnest med stor respekt.
9-april 51 Guri Lorrundal

6006
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING